



TINE SA

Høyring – strukturutgreiing kvitost – uttale frå Voss kommune.

Tine har no på høyring rapport om kvitostproduksjon frå februar 2019 med ein tilleggsrapport frå april 2019. I rapporten konkluderer ein med at pga hard konkurranse i ostemarknaden og utfasing av Jarlsberg for eksport, er det trong for omstilling. Eit av tiltaka som vert vurdert er nedlegging av meieriet på Voss. I dette brevet kjem Voss kommune med sitt syn på den saka. Saka har vore drøfta både i kommunestyret og formannskapet på Voss.

Bruk meir tid, me må saman endra rammevilkåra:

Tine er i ein tøff konkurransesituasjon vedteke av sentrale styresmakter. Det er innført tollfri kvote på ost, men importen aukar langt utover tollfri kvote på grunn av måten dette vert forvalta på. I 2017 vart den tollfrie kvoten auka med 1200 tonn til 8.400 tonn. Denne tollfrie kvoten tilsvarar nær 4 Tine meieri Voss sin årsproduksjon.

Argumentet for å opna for tollfri kvote var å auka mangfaldet i osteutvalet. Fakta er at 2/3 av importen er industriost. Dette er i direkte konkurranse med osten som vert produsert på Tine meieriet Voss. Importert ost vert i tillegg selt med norsk innpakning for at forbrukarar lett skal tru at den er norskprodusert.

Desse rammevilkåra må endrast. Det handlar om norsk distriktpolitikk, om norsk matproduksjon, om norske råvarer, om norsk landbruk og det vil vera god klimapolitikk med næringsmiddelindustri i heile landet. Noreg må tenkja på norsk verdiskaping og norske arbeidsplassar framføre billigast mogleg mat.

Det er ein vind som går over landet, ein vind som varslar at ein er lei sentralisering, strukturendring og økonomi som einaste verkemiddel. Desentralisering, lokal forankring og klima er mellom argumenta som verkeleg er i ferd med å få fotfeste. Her må Tine seie tydeleg i frå, i lag med bondeorganisasjonane og alle distriktskommunar. Grensa for strukturendring, sentralisering og effektivisering er nådd, det er ein anna veg, som handlar om å støtta opp om arbeidsplassar i heile landet: For å få det til, må det gjerast noko med tollreglane. Våre sentrale styresmakter er med dette utfordra til å koma på banen. Den politikken som vert ført i dag, er ein direkte trussel mot arbeidsplassar i distrikta!

Eit meir sårbart Tine?

Voss meieri har i lang tid vore ein viktig aktør i Tine-systemet som har trødd til når andre anlegg har hatt problem. Som reguleringsanlegg, har dei verkeleg gjort jobben sin, og dei leverer på topp på alle parameter. Det er ingen tvil om at Tine tener gode pengar på Voss meieri kvar einaste dag. Tap av meieriet vil gjera Tine som selskap meir sårbar, og konsekvensane av det kjenner me ikkje til i dag.



Vidare ligg det ein risiko i at frakt av mjølk framleis har fritak for obligatorisk køyre- og kviletid. Er det rett, og vil det vara? Kva er konsekvensen av å frakta minimum 30 millionar liter mjølk ut av Hordaland fylke og til Jæren, av og til på turar som vil kunne vera i strid med arbeidsmiljølova?

Er det rett at samfunnet skal tola den auka risikoen for ulykker som dette medfører? Ved å underleggja transporten dei vanlege reglane må transporten utførast med to transportørar, dvs. transportkostnaden ville auka og trongen for å leggja ned anlegg ville verta redusert. Hugs på at Voss kommune er største mjølkekommunen på Vestlandet mellom Jæren og Nord-Møre og at mjølkeproduksjonen på Voss er konsentrert, med svært stor mengde med kort transportavstand til meieriet.

Vidare er det slik at ved kvar ny nedlegging tapar Tine lokal forankring og lojalitet. Tine er slik sett inne i ein vond sirkel. Korleis kan det stoppast, og korleis kan ein finna ein annan retning? Eit svar er å halda fast på nærleiken til foredlingsindustri, med arbeidsplassar, som nettopp er eit kraftig stimuli for å oppretthalda eit sterkt og stort produsentmiljø. Desse tilhøva heng saman. Legg Tine ned meieriet på Voss, mister me dette fotfeste. Vidare risikerer ein tap av omdømme, og profilen til Tine blir meir og meir i retning av sentralisering og mangel på lokal forankring. I verste fall tapar Tine konkurransekraft på denne måten. Det vil vera svært uheldig for landbrukskommunar, mjølkeprodusentane og ikkje minst Tine sjølv.

Nær marknaden og svært klimavenleg

Voss ligg lagleg til med kort avstand til Norges nest største marknad, Bergen, med 400.000 innbyggjarar. Voss ligg i knutepunktet mellom stamvegen (E-16) aust-vest og riksveg 13 nord-sør. Voss har jernbane, eit potensiale med omsyn i framtidig miljøvenleg transport. Inntransporten er og rimeleg, med låge eller ingen bompengekostnader.

Det er òg slik at store delar av produksjonen ved Tine meieriet Voss går til Kavli sin smørstproduksjon i Bergen. Kavli har prøvd fleire produsentar undervegs, men har falle tilbake til kvaliteten på osten frå Tine meieriet Voss.

Etter det me veit er det i kalkylane til Tine rekna på eit volum på Voss meieri på 17,5 mill liter. Det tilsvarar budsjettet for Tine Voss i 2019. Men, me veit at meieriet på Voss har ysta for 25 til 30 millionar liter pr år dei siste 10 åra. Det vert produsert omlag 70 millionar liter mjølk i Hordaland i året. Det nye anlegget på Minde skal ta imot omlag 40 millionar liter pr. år. Det må difor transporterast vekk frå Hordaland 30 millionar liter, og ikkje berre 17,5 millionar liter, slik ein kan tolka rapporten frå Tine.

Sett med Voss kommune sine auge, der ein legg vekt på ei foredlingskjede med lågt energiforbruk gjennom td kjøling direkte frå elva, høg kostnadseffektivitet og eit minimalt klimaavtrykk, ville ei god løysing vera å halda oppe produksjonen på Voss. Alternativt leggja produksjonen til ei allereie etablert verksemd LL Voss Handverksmeieri. Selskapet er heileigd av Tine SA.

Ved å vidareføra meieriet eller ved å vidareutvikla det, kan ein få til nye ostetypar frå Voss. Røykt kvitost og ost med Vossakvann er testa ut, men ikkje brukt ressursar på å få ut i marknaden. Samfunnet etterspør mangfald, og dette var viktigaste årsak til at det vart opna for tollfri ostekvote. Her er ein alternativ veg for Tine.

I så fall må Tine meieriet Voss eller LL Voss Handverksmeieri utfordrast på å produsera ost for Kavli, handverksostar utvikla på Voss og ikkje minst Vossadravle. Her er ein modell som sikrar tine moglegheiter for utvikla seg, der leveranse til Kavli sikrar produksjonsvolum og Tine går føre som ei verksemd som verkeleg legg lista for framtida ved å ta miljø- og klimaomsyn.

Dei tilsette

Me kjem sjølv sagt ikkje utanom dei tilsette ved Voss meieri. Deira lojalitet overfor Tine, i ein situasjon med fare for nedlegging, er berre makalaus. Det er slike ein bør ta vare på og la utvikla seg. For dei tilsette på meieriet på Voss produserer kvalitet og er stolte over lågt sjukefråvær og utviser uvanleg stor fleksibilitet i høve arbeidstid. Dei vert målt og vurdert også internt i Tine-systemet, og jamvel der er dei best i klassen. Er Tine i ferd med å leggja ned eit av sine beste meieri? Voss kommune meiner denne kompetansen og innsatsen må vera viktig å ta vare på. Tine har ei god tomt i Voss sentrum og stor lagerplass for lagring av ost. Kunne det vera ein idè å produsera vellagra Norvegia på Voss? Kunne det vera ein ide å satsa på Voss?

Oppsummering

Voss kommune ber Tine avventa med å gjera eit nedleggingsvedtak for Voss meieri. Det er som sagt eit skifte på gang, både blant innbyggjarar og i politiske miljø som handlar om å verkeleg setja bremsene på for sentralisering og manglande distriktspolitikk

Voss kommune ber Tine ta særleg omsyn til tryggleik, med tanke på transport, og ta særleg om syn til klima. Eit meieri på Voss vil føra til mindre transport for Tine og klimaavtrykket vil vera eit heilt anna. Dette er å ta samfunnsansvar, slik alle verksemder om kort tid må.

Voss kommune ber Tine å gjera ein grundig gjennomgang av risiko og sårbarheit med færre anlegg. Tine må ikkje vera for kortsiktige og leggja dagens absolutte rammevilkår til grunn, men våga å sjå inn i framtida. Tenk nøye gjennom Tine sitt ansvar for at all inntransport av mjølk skjer på ein trygg og god måte og ikkje skyv alle problema over på transportørane og sjåførane.

Dagens strukturrapport er den 4. i rekkja dei siste 15 åra der Voss er føreslått lagt ned. Leiinga i TINE står i dag fram og prisar seg lukkeleg for at Tine meieriet Voss ikkje har vorte nedlagt tidlegare. Me trur at held ein fram med Tine meieriet Voss, vil det òg vera situasjonen i framtida. Det vil vera til det beste Tine, dei tilsette, bøndene og for Voss kommunen.

La meieriet på Voss leva vidare!

Voss 7.mai 2019

Beste helsing
Hans-Erik Ringkjøb
Ordførar Voss kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur